

MØTEPROTOKOLL

Organ	Fagopplæringsnemnda
Møtestad	Nordfjord, oppmøte Eid Elektro
Møtedato	28.08.2017
Kl.	10:00 – 16:30

Faste medlemer til stades:

Nils P. Støyva (LO)
Tom Knudsen (NHO)
Jasmin Eminovic (Lærarorg.)
Eli Grov Østerbø (LO)
Henrik Oppen (HO)

Forfall til møtet:

Gunnlaug Olsvoll Røed (KS)
Hans-Jacob Sunde (VIRKE)
Hildegunn Tretteteig (YS)
Karen Marie Hjelmeseter (HNK)
Niklas Våtevik (lærlingrepr.)
Joakim Gram Haugum (elevrepr.)

Varamedlemer til stades:

Ingen vararepr. hadde høve til å møta

Til stades med møte- og talerett:

Ass. Fylkesdirektør Tor-Einar Holvik Skinlo
Roald Standnes (repr. opplæringskontora)
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Teamleiar Sissel Brusegård

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok opne møte.

Møteprotokoll frå 16.3.17 og 6.6.17 vart godkjend utan merknader.

Representanten Karen Marie Hjelmeseter fekk tilsendt framlegg til vedtak i sakene og slutta seg til tilrådingane med dei endringar som utvalet vedtok.

SAK 6/17 Høyringsnotat vedrørende endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Endringsframlegg:

Fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til endring:

Elektrofag

Namnet på Vg1 elektrofag bør endra namn til elektro og dataelektronikk.

1.4.1 Robotteknikk må inn som ein del av faget.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med dei endringar som går fram under endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande tilleggsendingar:
 - Namnet på Vg1 elektrofag bør endra namn til elektro og dataelektronikk
 - Punkt 1.4.1: Robotteknikk må inn som ein del av faget

SAK 7/17 Skriv og meldingar FON 28.08.17

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

1. Formidling 2017
- 1a. Formidling 2017
